

ÅRSMELDING 1999.

Aktiviteten i laget har bestått mykje av fotball. Ein har hatt tre fotballag i aldersbestemte klasser. Det har og vore ^{to} ~~ei~~ trimgrupper, ei for jenter frå 5. klasse og oppover, samt ei for damer.

Trimnemda har lagt ut bøker ved ymse turmål. Idrettslaget har og utført oppgaver med oppbygging og tending av varden på Rinden i høve tusenårsfeiringa.

Ein har hatt fire styremøte og eit almannamøte i året som gikk.

Etter almannamøtet, der Eivind Våge kom med eit kostnadsoverslag, bestemte ein seg for å legge nytt dekke på bana. ~~Det~~ Det vart oppnemnd ei byggenemnd bestående av Eivind Våge, Olav Våge og Bjørn Flatøy. Det meste av arbeidet vart gjort på dugnad. Ein fikk i tillegg til nytt dekke laga ein ny parkeringsplass ved bana. Fotballbana vart ombygd utan å ta opp lån.

Ein har hatt ein tombola, og i samband med denne vart det gått runde med ei bok som innbrakte omlag fem tusen. Ein anbefalar det nye styret å nytte bøker då dette gir god innkomst.

Medlemspengar for dei aktive har vore 100,- kroner som inkluderer trenaravgift.

Vi takkar for oss og ynskjer det nye styret lykke til.